



# Ung i Tokke Handlingsplan 2024- 2034

Oppfølging av 10 råd frå Ungdommens distriktspanel



# Tokke



## **Ung i Tokke - Handlingsplan 2024-2034**

Ung i Tokke - Handlingsplan 2024-2034  
Dokumentet og handlingsplanen er Tokke kommune si oppfølging av 10 råd frå ungdommens distriktspanel. Handlingsplanen skal på høyring i oktober før politisk handsaming i ulike politiske utval i november 2023. Mål om handsaming og vedtak i kommunestyret november 2023.

## **Medvirkande til utarbeiding av rapporten**

Birgith Reinskås Lunden, Faun Naturforvaltning  
Monica Sølyst, Faun Naturforvaltning  
Åse Ingebjørg Flateland, Tokke kommune

**Framsidedfoto:** Hamish Moore

**Baksidedfoto:** Tokke kommune

## **Kontaktperson**

Åse Ingebjørg Flateland, Tokke kommune  
tlf. 350 75 261  
[aseingebjorg.flateland@tokke.kommune.no](mailto:aseingebjorg.flateland@tokke.kommune.no)

Versjon 4 - 6.oktober 2023



# Innhold

Om prosessen med lokal oppfølging av handlingsplanen.....	s.4
Om Ungdommens distriktspanel.....	s.6
Effekt mål.....	s.8
Bakgrunnsinformasjon til utarbeiding av handlingsplan.....	s.10
Stadanalyse Dalen inkl. spørjeundersøking.....	s.12
Ungdata 2021.....	s.14
Yrkesmessa på Vest-Telemark vgs 2022.....	s.16
Framtid, attraktivitet og ungdom i Tøkke.....	s.18
Interkommunal spørjeundersøking, 18-30 år, 2023.....	s.20
Handlingsplan basert på 10 råd frå ungdommens distriktspanel.....	s.22

## Om prosessen med lokal oppfylging av handlingsplanen

Hausten 2019 inviterte regjeringa ti ungdommar til å gje råd som skulle gjere det attraktivt å bu og arbeide i distrikta. Hovudårsak for at regjeringa sette ned utvalet er at befolkninga eldast, særleg i distrikta. Av den grunn treng distrikta fleire unge for å utvikle næringsliv og lokalsamfunn. Føremålet med ungdommens distriktspanel er at ungdom frå distrikta sjølv peikar på utfordringar, moglegheiter og kjem med forslag til tiltak som kan føre til auka busetting, aktivitet og attraksjonskraft i distrikta.

Kommunestyret i Tokke vedtok 21.09.2021 fylgjande i sak 21/60, vedrørande oppfylging av dei 10 råda frå Ungdommens distriktspanel.

*Kommunestyret ber kommunedirektøren å kome mattende med ein prosjektplan, der ein har fokus på innspela frå distriktspanelet. Det må setjast i samanheng med busetjing i kommunen og korleis ein møter utfordringane med demografiutviklinga.*

Våren 2022 utarbeidde administrasjonen ein prosjektplan tufta på innsikt frå eksisterande planar, tiltak og ordningar i Tokke kommune. I tillegg var resultat frå Ungdata-undersøkingar i 2021 og Stadanalyse Dalen 2022 nyttig i utarbeidinga av prosjektplanen. Det vart også gjennomført enkle, kvalitative undersøkingar i sentraladministrasjonen, helse- og omsorgsetaten, oppvekst - kultur - og idrettsetaten og på plan, næring og teknisk etat.

Kommunestyret i Tokke godkjente prosjektplanen 06.07.2022, sak 61/22, "Framtid, attraktivitet og ungdom i Tokke", og ba administrasjonen om å kome attende med ein handlingsplan med konkrete forslag til tiltak, framdriftsplan, finansiering og fordeling av ansvar.

Fylkeskommunen løyvde midlar til prosjektet og bistod kommunen i utarbeiding av ein spørjeundersøking med fokus på kva som er relevant for å auke attraksjonskraft, busetjing, arbeid og oppvekstvilkår. I etterkant av spørjeundersøkinga og deltaking på yrkesmessa, starta prosessen med å utarbeide planen. Faun Naturforvaltning i samarbeid med administrasjonen har utarbeidd forslag til handlingsplanen Ung i Tokke.

# Ung i Tokke

## Bakgrunnsinformasjon

- Spørjeundersøking i samband med Stadanalysa Dalen, utarbeidd av Faun, 2022
- Spørjeundersøking Framtid, attraktivitet og ungdom i Tokke - oktober - november 2022
- Spørjeundersøking UNGDATA 2021
- Barne og ungdomsplan Tokke kommune 2021-2025
- Sykelstrategi og handlingsplan - sykkelbygda Dalen 2023
- Spørjeundersøking blant unge i Vest-Telemark 18-30 år våren 2023



## Pågåande planprosessar

- Reguleringsplan Dalen 2023
- Sti- og løypeplan Tokke kommune 2023
- Næringsplan Tokke kommune 2023
- Oppvekstplan Tokke kommune 2023
- Folkehelseplan og strategi Tokke kommune 2024/2025
- Rask psykisk helsehjelp Regional plan 2023
- Prosjekt Frå Haldning til Handling

## Om Ungdommens distriktspanel

I Granavolden-plattformen sa regjeringspartia at dei vil:


**"Sette ned et ungdomspanel som skal gi råd til regjeringen i aktuelle saker som for eksempel integrering, psykisk helse og frafall i videregående skole."**

Ungdommens distriktspanel vart oppretta gjennom Meld. St. 5 (2019-2020) Levende lokalsamfunn for fremtiden. Panelet utarbeidde 10 råd til regjeringa om korleis dei ville at framtidens distriktspolitikk skulle vere. Råda frå ungdommen peikar på kva som skal til for at unge skal ha lyst til å bu, arbeide og investere framtida si i distrikta.

Ungdommens distriktspanel var sett saman av 10 ungdommar i alderen 14-23 år, med ein representant for kvart sitt fylke. Arbeidet med panelet og råda er organisert og tilrettelagt av Distriktsenteret.

Våren 2021 leverte dei 10 råd om framtidens distriktspolitikk til regjeringa.

Meir informasjon om arbeidet, deltakarar og resultat kan lesast på <https://distriktsenteret.no/ungdommens-distriktspanel/>



Illustrasjon: Henta frå framsida på rapporten med 10 råd frå Ungdommens distriktspanel

# Ungdommens distriktspanel ber om at:

- 1: Vi får tilgang til jobbfellesskap, arbeidserfaring og varierte arbeidsplasser**
- 2: Ungdom skal ha desentraliserte skole- og utdanningsmuligheter**
- 3: Det må bli enklere å komme seg fra A til Å**
- 4: Alle skal ha tilgang til stabilt og sikkert høyhastighets- og mobilnett**
- 5: Virkemidler gjør det enklere å etablere bedrift og få seg bolig**
- 6: Veien til psykisk helsehjelp må bli kortere**
- 7: Vi tar vare på distriktenes attraktivitet med nærhet til naturen**
- 8: Lokalsamfunnene utvikles med møteplasser og lokaler for unge gründere og frivillige**
- 9: Ungdom må få større innflytelse lokalt**
- 10: Beredskapen skal være tilgjengelig og trygg**

*Illustrasjon: Henta frå rapporten med 10 råd frå Ungdommens distriktspanel*

Kva ynskjer ein at skal vere den langsiktige effekten av tiltaka i handlingsplanen?



## EFFEKT MÅL

Fleire ungdom finn det attraktivt å bu, jobbe og møtast i Tokke.

## Bakgrunnsinformasjon til utarbeiding av handlingsplan

For utarbeiding av tiltaksplan er det nytta bakgrunnsinformasjon frå prosjektplanen "Framtid, attraktivitet og ungdom i Tokke", frå juni 2022. Involvering og medverknad har vore sentralt i utarbeiding av både prosjektplanen og handlingsplanen. Involvering i samband med handlingsplanen har hovudsakeleg vore basert på resultat frå spørjeundersøkingar, slik som;

- Spørjeundersøking i samband med Stadanalyse for Dalen
- Ungdata for 2021
- Framtid, attraktivitet og ungdom i Tokke, 2022
- Interkommunal spørjeundersøking, 18-30 år, 2023

For to av undersøkingane; Stadanalyse for Dalen og framtid, attraktivitet og ungdom i Tokke, har vi hatt tilgang til rådata og fritekst svar. Ved hjelp av PIVOT-tabell har ein sortert ut svar frå dei aktuelle aldersgruppene; Dei ulike undersøkingane har hatt ulik gruppering av alder. Vi har sortert svara slik at det passar til målgruppa i denne handlingsplanen, 13-30 år. Vidare i rapporten har vi tatt med funn og svar i fritekstfelt som er relevante for handlingsplanen, og tema som gjeld arbeid, psyksisk helse, attraktivitet, utfordringar og utviklingsmogelgheiter.

Ungdata-undersøkinga har ein nytta seg av framstilte resultat som er tilgjengeleg på [ungdata.no](https://ungdata.no). Dette er landsdekkande undersøking som viser svar frå ungdommar i Tokke samanlikna gjennomsnittet av det ungdommar på landsbasis har svart. I samband med den interkommunale spørjeundersøkinga i Vest-Telemark, gjennomført våren 2023, har ein fått kjennskap til svaret på eit av spørsmåla då dette var relevant for eit av råda. Fullstendig vurdering knytt til denne undersøkinga føreligg ikkje når handlingsplanen Ung i Tokke vart utarbeida.

Vidare i dokumentet er det presentert figurar, utdrag frå fritekstar og svarresultat frå undersøkingane, og viser synspunkt til målgruppa 13-30 år.

## Fakta om dei aktuelle undersøkingane

### Stadanalyse m/ spørjeundersøking

Gjennomført februar 2022  
Utarbeidd av Faun Naturforvaltning  
i samarbeid med Tokke kommune

Antal svar: 257  
Fordelinga på deltakarane var:

Under_16 år	2
16-24 år	26
25- 64 år	174
65 år og eldre	55

I samband med handlingsplanen for Ung i Tokke, har ein sett på svara frå kategorien "under 16 år" og 16-24 år". Totalt 28 svar.

### Ung data 2021

Undersøking gjennomført i 2021

Ansvarleg for undersøking:  
Velferdsforskningsinstituttet  
NOVA ved OsloMet – i samarbeid  
med landets sju regionale  
kompetansesentre innan rusfeltet  
også kalla for KORUS. Publisert på  
Ungdata.no

Ungdata-tal frå ungdomsskulen

Antal svar: 75 elevar frå  
Tokke kommune deltok

### Framtid, attraktivitet og ungdom i Tokke

Oktober- november 2022  
Utarbeidd av Tokke kommune og  
Vestfold og Telemark fylkeskommune.  
Antal svar: 129 (90 av desse i målgruppa  
til handlingsplanen; 13-30 år)  
Aldersfordelinga på deltakarane:

13-15 år	26
16-17	33
18-22	18
23-27	6
28-30	7
31-35-	3
36-40	1
41+	22
Anna	5

Totalt er det 70 jenter/kvinner og 20  
gutar/menn, i aldersgruppa 13-30 år,  
som har svart. Fordelinga på alder er slik;

Alder	Gutt/Mann	Jente/Kvinne
13-15	10	16
16-17	3	30
18-22	5	13
23-27	2	4
28-30		7

### 18-30 år i Vest-Telemark

Våren 2023

Samarbeid med  
Vest-Telemark Rådet på vegne av  
alle kommunane, og KORUS Sør  
avdeling Skien.

Antal svar: 249 svar  
18-30 år

Her har vi fått henta ut svaret på eit  
konkret spørsmål i samband med  
utarbeiding av handlingsplanen.  
Spørsmålet omfatta om det var  
behov for eit kommunalt organ,  
tilsvarande ungdomsrådet, for  
unge vaksne mellom 18-30 år,  
som kan få fram denne gruppa sine  
meningar.

# Stadanalyse for Dalen

Inkludert lokal spørjeundersøking

## Kva slags utfordringar har Dalen i dag?

- At unge ikkje etablerer seg her
- Dalen har store utfordringar når det kommer til mobbing i barne og ungdomsskulen, der hovedproblemet er at lærere ikkje har nok kunnskap om korleis man skal ta tak i mobbesaker. For dei som føler seg utstøtt frå lokalsamfunnet blir det ofte veldig vanskelig å trivast på Dalen, og det fører jo til at dei velger å flytte i staden for å bli på dalen. Å ta vare på dei som ikkje er inkludert er ein utfordring Dalen har.
- Det er for fristende å dra ut av kommunen for å handle pga vi ikkje he, alt som Vinje he av butikker og resturanger
- Dårlig skule og klasse miljø. (Mye mobbing)  
Ingen møteplasser (kafeer, gatekjøkken, uteplass med god mat som er opent heile året)
- Dårlig veger og lite fortau.
- Jobbar innanfor helse, merkar at det trengs fleire psykiatriske sjukepleiarar og at det burde ver bakvakt/bemannning ved helligdagar/kveldar i psykiatrien.
- Jobbmoglegheit som gjer at ungdom kan flytte heim att. Støtte under og bedre bemanning innan helse, betre betaling innan helse.  
Godt tilbod med gratis tomter for dei som ynskjer å bygge, men også kunne busette ubudde hus, eller gjere noko med dei husa som forfell, nytte tomtene."
- Mange har nok godt av å kome seg ut frå Dalen litt og bli eksponert for andre meiningar og syn på ting...
- Sladder og baksnakking! Ubehagelig at alle de voksne snakker om oss unge, om forhold, drama, vennskap og hvem som driver med hva. Føler det er vanskelig når en blir «observert» når en kommer hjem på besøk, og at så mange følger med på privatlivet til hverandre.
- Små forhold mellom mennesker fører til uhyggelige hendelser som baksnakking, utfrysning og ryktespredning.
- Å unne kvarandre suksess. Går mykje i samme spor, når det kjem til idrett, feiringar ol.  
Bygda må vere flinkare til å støtte bygda, bruke plassane me he! Kroa ol"

## Utdjup kva du saknar på Dalen

- Attraktive tomter, men veit ikkje kvar det er mogleg å få til nye tomter. Litt utsikt eller nærleik til vatn.
- ikkje mykje liv på dalen.
- Burde også bli salta/strødd meir"
- Kan ha ein plass ungdomen bare kan sitte visst det er kaldt ute
- Meire samlinger og ting som skjer for lokale. Gangveg til Huvestad, meire og ulike aktiviteter. Klatring, skyting, evt turn eller volleyball for dei yngre. Mykje som kunne vore greit å ha, som gjer meir valmoglegheit.
- Mer plasser å møtes, flere aktiviteter
- Møbel butikk, Hurtigmat resturang, Festlokale (grendehus), Elektro butikk (Elkjøp lignende), Tannlege, Fødeplass, legevakt, vinmonopol
- Nye ansikt. Aktiviteter og lekeplasser for småbarn. Kaffeterier og restauranter.
- Saknar ein cafe å gå til, kroa er meir restaurant, trist å sjå dei mørke glass i sentrum.
- Meir fritidstilbod! Ein kan enten velge mellom fotball eller kulturskule som born på Dalen. Og som vaksen er det svært få organisera gruppetimer, lite variasjon
- Saknar fleire arrangement for ungdommen, som for eksempel fest på kulturhuset/Tokkehallen/brygga
- Saknar ein pub!
- Treningsgrupper



**Saknar fleire arrangement for ungdommen, som for eksempel fest på kulturhuset/Tokkehallen/brygga**



***Dalen er et fint sted å vokse opp som barn, men i ungdomstiden og som ung voksen er det lite som skjer.***

#### **Kva kan gjere Dalen meir attraktiv i framtida?**

- Arbeidsplassar og lønninger som trekker folk heim att. Goder med å bu i Tokke, fortsette med gode om ikkje forbedre støtte til nykommerar/tilbakeflyttrar/førstegongskjøperar.
- Betre skuletilbod, fleir aktivitetar og idrett
- Ein koseleg kafé der folk kan møtast og ta ein prat
- Fine hustomter
- Fleir bustader! Jobber som tilbyr 100% fast, meir variasjon i aktivitetar i idrettslaget, utvida åpningstider i tokkegym. Bedre skulemiljø på Tokke skule.
- Fleire tomter ved vatnet, fleire arbeidsplassar, få ein pub, bygge ny skule, pr og markedsføring essensielt
- Fødeplass og mer tilbud som butikker, mer møteplasser langs tur områdene
- Ha ting som tiltrekker folk. Ikkje berre jobbar, men mykje fine turområde og fritidsaktivitetar for både store og små. Dalen kunne hatt eit utsiktspunkt eller ein aktivitet som tiltrekker turistar. Slik som Trollstigen eller rampestreken.
- Mer tilrettelagt for aldersgruppa 18-30. Dalen er et fint sted å vokse opp som barn, men i ungdomstiden og som ung voksen er det lite som skjer. Det er ikke så mange steder å oppholde seg, eller å være sammen med gamle klassekamerater når en kommer hjem på besøk. Tror og at dette er grunnen til at mange velger å ikke flytte tilbake hit. Som ung voksen blir det litt «dødt».
- Rydde i vegetasjonen  
Attraktive sitteplasser  
Elementer som byr opp til aktivitet (eks.: utesjakk, basketbane, flere stier)  
Gode og morsomme lekeplasser, som ikke bare er til pynt  
Satse på mer matservering  
Pynte stiene som er nær sentrum med for eksempel lys, blomster etc."
- Sosiale medier, vedlikehold og nye kunst/byggingergrunn av turister, båtene.

#### **Kva slags moglegheit har Dalen?**

- Dalen er et flott sted, med litt mer kjærlighet tror jeg det har større potensial til å bli en turistperle, samt et triveligere sted å bo
- Dalen har ein stor moglegheit når det kjem til elevar på vgs. Fleir leiligheter hadde kanskje gjort at ungdommen velger å flytte på hybel, istedet for å ta buss i 1-2t kvør dag til skulen
- Fleir studentar sidan me har videregående
- Utvikle ein betre campingplass, eit hotell til mogelegvis(?)

#### **Noko du vil tilføye?**


- Kommunen bør bli flinkere til å løfte fram næringslivet og de som bor der, slik at kanskje mennesker på tvers av ulike sosiale grupper kan lære å kjenne hverandre bedre. Jeg tror dette vil gjøre Dalen hyggeligere, men og gi bedre inntrykk til andre besøkende.



***...løfte fram næringslivet og de som bor der, slik at kanskje mennesker på tvers av ulike sosiale grupper kan lære å kjenne hverandre bedre.***

# Resultat og funn i Ungdata 2021

Landsdekkande undersøking



10% av ungdomsskule elevane i Tokke kommune har svart "Omtrent kvar 14.dag" eller oftare på spørsmålet "Blir du sjølv utsett for plaging, truslar eller utfrysing av andre unge på skulen eller i fritida?". Dette er 2% meir enn landsgjennomsnittet.



9% av ungdomsskule elevane i Tokke kommune har svart at dei den siste veka har vore plaga av noko av det fylgjande; "Følt at alt er eit slit", "Hatt søvnproblem", "Følt deg ulykkeleg, trist eller deprimert", "følt håpløshet med tanke på framtida". "Følt deg stiv eller anspent" og "Bekyrma deg for mykje om ting". Prosentent viser kor mange som i gjennomsnitt har svart at dei ganske mykje er plaga av desse symptomta. Landsgjennomsnittet ligg på 17%.

Illustrasjonen: Ungdata-undersøkelse er ei landsdekkande undersøking og ein får samanlikna seg med andre kommunar.



# Yrkesmesse på Vest-Telemark vidaregåande 27.10.2022 Fokus på møteplassar




Elvarheim er bra!



Kafe for alle






Ungdom som kom innom standen til Tokke kommune på yrkesmessa på vidaregåande på Dalen, oktober 2022, svara på spørsmål om attraktiv møteplass.

# Framtid, attraktivitet og ungdom i Tokke


Lokal spørjeundersøking

I samband med oppfølging av ungdommens distriktspanel sine 10 råd var det sentralt at ein skulle ha ein prosess med involvering. Forslag til tiltak og aktivitetar skulle utformast i samarbeid med ungdom og unge vaksne, gjennom spørjeundersøkingar. Det var både undersøkingar som baserte seg på dei 10 råda, i tillegg til eksisterande og nyare undersøkingar som var relevante, slik som ungdatabase og Stadanalysa. Figurane som blir presentert vidare er henta ut frå datagrunnlaget til undersøkinga "Framtid, attraktivitet og ungdom", under tema som møteplass, innflytelse, desentralisert skule, psyksisk helse og trivsel.


Opplever du at dine meiningar blir høyrde i saker som gjeld deg?



Saknar du ein møteplass?



## Ønsker du digitalt skuletilbod/utdanningsmoglegheit heimanfrå?



# PSYKISK HELSE og TRIVSEL


## Kva er bra med det psyksiske helsetilbodet?

- At de er lett tilgjengelig, og at de viser at de er der.
- At de hjelper deg
- At dei er tilgjengelige på skulen.
- At det er i skulane
- At det er tilgjengelig
- At ein kan få hjelp ved behov. At dei tek deg på alvor. Det er bra at ein kan gå å snakke med folk på skulen
- Att det er nærme
- Att ein kan komme nesten når ein vil
- Dei er alltid der viss du trenger dei, og dei dømmar deg aldri.
- Dei er der når det skjer noko å tar ting på alvor.
- Dei hjelper deg
- Dei informerer om att du kan komme og prate med dei
- Dei ser dn einskildte pasienten
- Dei som jobbar på vidaregåande, men ikkje på ungdomsskulen.
- Dem er tillitsfulle og veldig gode å trygge å snakke med
- Du har tilgang på det på skulen og ved helsesenteret. Og dei har taushetsplikt
- har aldri hatt bruk for det, men det virker som det er veldig lett tilgjengelig
- Helsesjukepleirane kjem til skulen
- Lavterskel
- Mange tilbud


## Kva kunne vore betre med det psyksiske helsetilbodet i Tokke?

- Aldri hørt om det
- Alle får rask hjelp. Mer synlig blandt ungdommen.
- at det blei vist litt meir, og at det va noko alle viste om
- At de kunne vært her litt oftere.
- At dei kunne ha vært der lengere på skulen, slik at man har mogleghet til å snakke med helsesøsteren i løpet av heile skuledagen, kvar dag.
- At dei utbygger det og ansett mange fleir og strekker ut til folk
- At man ikkje skal kjenne eller møte di man prater med heile tida
- Burde ha vore døgnbasert, i det minste ei bakvaktordning på natt
- De skulle vært mer synlig for unge og voksne, vist seg slik at alle vet om dem og at de kan gå i samtale om de skulle trenge det. Skulle vært mer lavterskeltilbud for dem som faktisk trenger en psykolog slik at de kan bli tatt på alvor når de først søker hjelp.
- Dei som er der har vore der lenge, få inn yngre folk som skjønner ungdommen bedre og som det er lettare for ungdommen å snakke med.
- Det trengs og markedsførast, det er ikkje snakka om på skulane.
- Jeg føler man må oppsøke det veldig aktivt som ung voksen om man trenger det, og at det ikke sier seg selv hvor du kan finne hjelp, men hjelpen er der vel om man trenger den.
- Meir interkommunalt. Ikkje så lett å opne seg opp for folk du kjenner privat.
- Meir synleg
- Mere tid
- Oftere besøkstid på skulene.
- Psykolog ein fast dag i veka på Dalen eller i Åmot.
- Psykolog som kan ta imot pasienter
- Ser ingen ting men trenger ikke heller
- Som lokal og har vokst opp i bygda, har jeg ikke engang visst at det fantes et psykisk helsetilbud i Tokke. Det skulle muligens vært mer snakk, eller annonsert, eller mer prat på skoler, arbeidsplasser, og hjem om disse tilbudene. at dem som jobber som lærere, ungdomsarbeidere, i psykisk helsevern er med og informere om tilbudene som er i kommunen. vært mer lavterskeltilbud for dem som trenger psykolog og andre psykiske helsetilbud. Viktig med synliggjøring.
- Ingenting

Synest du det psykiske helsetilbudet i Tokke er synleg og tilgjengeleg?



Kor godt trivst du i Tokke? Antal personar svart fordelt på Nivå 1 - 5 der 5 er best



## Kva er bra i Tokke?

- Alle kjenner alle
- Alle kjenner alle
- Alt
- Alt, nesten
- Arbeidsmiljø, venner, noe av kulturtilbudet
- At de har mange muligheter som utdanning, at du har mye å velge mellom.
- At det er bra folk her
- At det er mange snille
- At eg kan gå i skulen
- at skulen har mange moglegheitlar for utdanning.
- Basseng og fotballbanet
- Billeg straum og fritidstilbod.
- Bra kommune
- Bra velferdstjenester, god videregående skule
- Det er bra for at det er ikkje mykje politi i tokke
- Det er gå-distansse til både skule, jobb, butikk og det er nokre fritidsaktivitetar
- det er mykje bra utvalg for ungdom. altså ungdomsklubb osv. miljøa på skulane o.l. er delvis bra.
- Dugnadsaktivitet, kommunale tilbod,
- Eg bur ikkje her
- Egentlig bare at ein fær kaupt snus på bua
- Felleskapet
- Fin natur
- Fin natur og greit utvalg. Rolig ikke masse lyder hele tiden
- Fin natur, roleg og trygt
- Fine kollegaer og godt arbeidsmiljø
- Fint om sommar
- Folk er vennlige og ønsker deg velkommen, glad for at du er her
- Gjennom kjennskap til samfunnet, har jeg nær relasjon til dem. Vest - Telemark videregående skole er en bra skole, det er mye flott Natur, og mye bra velferdstjenester. Det er også fokus på ungdommen på Dalen. Det har blitt gjort tiltak med billig taxi for å forebygge fyllekjørings problematikken i kommunen.
- God skole
- Gode oppvekstvilkår
- Hyggelige mennesker, koselig stad
- Høve til å køyre snoskuter
- Ingen ting
- jeg oppholder meg ikke i tokke sånn veldig ofte
- Klassa
- koselige og hyggelige folk
- Likar arbeidsplassen min
- Liten koslig plass
- Liten plass, alle kjenner all

- Litt fint
- Me har det meste her
- Menneska
- Menneskene som bor her
- Miljøet
- Miljøet
- Mye sol på sommeren og mye snø på Vinteren
- Mykje er bra
- Mykje natur, enkelt å komma seg fram og tilbake
- MYKJE RART
- Naturen
- Naturen, jobben,og generelt gode tilbud som passer meg godt,og det er kort veg heim til fødekommunen min.
- Naturen, venner og familie. Små forhold der alle kjenner alle.
- Nærleik til familie
- Oversiktlig, passe stort , fine folk og natur
- Skolen
- Skule, jobb og natur
- Skulemiljø
- Skulen er bra og familien min
- Skulen, butikken, og fritidsaktiviteter er nærme heime
- skuletilbodet
- Skuletilbodet
- soialt
- sosiale
- Stille og rolig plass
- stille og rolig plass med mange bekjente
- straum
- trening, koslege folk og arrangementer
- Trivast i miljøet i Eidsborg
- Triveleg lokalmiljø, og fritt og godt.
- Trygge miljø, inkluderende bygder.
- Turmulighetar og mulighetar for ulike jobbar
- Tursteder, bade plasser, område, godtrihylle
- Ungdomsklubb og fester
- Variert kommune, bustadmessig, terreng, kulturtilbod og terreng, helsetenester
- veit ikkje
- Veldig bra
- Venne
- Venner
- Venner og fotballbane
- Venner, skole og naturlig liv
- vidregående skole

## Kva kunne ha vore betre i Tokke?

- Alt
- Alt tenkjer eg
- buss forbindinger
- Busser og flere fritidsaktiviteter
- busstilbud
- Busstilbudet, det er dårlige busstilbud
- Butikkar og tilbud om aktivitetar
- Bør ta bedre imot nykommere til kommunen, da mange av dem ikke føler seg velkommen. Kunne vært mer på for å holde unge voksne som ønsker å bli værende her på en bedre. Flere møteplasser.
- Det er eit lite miljø, som er vannskleg å kome inn i.
- Det kunne vere fleire fritidsaktivitetar, t.d. er det mest fotball, men det hadde vore moro med t.d. handball
- Ein butikk lenger opp i bygda
- Ein koseleg kafé. Finstøga har betre opent når dei vil selge alkohol eller når det er turistar. Vi ungdom(vaksne) har ingen plass å vere om vinteren og det er heller ikkje noko bra om sumaren
- Fleire alternativ til fritidsaktiviteter til alle aldre
- fleire buss/kollektiv transport muligheter for barn og unge
- Fleire butikkar
- Fleire butikker
- Fleire idrettsmoglegheiter
- Fler butikkar
- Flere arbeidsplasser, fleire plassar for ungdom å henge
- Fokuser meir på områda rundt i Tokke. Me har så mykje meir enn bare Dalen.
- Fotballskole
- Fritidsaktiviteter
- Fritidstilbud
- Fritidstilbud og bussar
- idrett tilbud
- Ikke noe jeg kommer på
- Ikkje sø lang veg til dalen, og jobber nærmere
- jobbalternativ
- Jobbalternativ
- Kanskje litt mere sentralt og at man kanskje har kjøpesenter og sånt
- Kjøpesenter
- Kulturtilbud, næringsliv, kollektivtrafikk, møteplasser for unge voksne
- Kunne vore betre fritidstilbud
- Leksefri skule, men samme tid dom vanlig
- Lindre regn
- Meir fritidstilbud (vollyball)
- Meir å gjere på fritida
- Mer aktiviteter om vinter / høst
- Miljøet mellom vgs og ungdomskule kunne vært bedre, mykje hat mot hverandre
- skyss.
- Støre basseng
- Større svømmebasseng
- Større treningsrom og lengre opningstider, meir tilbud om styrte treningsøker (spinning, sirkeltrening, step osv),
- Større utvalg men det er for få folk
- Tilbud
- Tilbud på fritida, fleire hus, cafe/møtestad
- Tokke skule kunne vært opp pussa
- usikker
- Vegane
- veit ikkje
- veit ikkje
- vet ikke
- Vett ishaaa
- vi mangler politistasjon, når en skal kontakte politiet så tar det 2 - 3 timer før dem kommer (heldigvis så møter brannvesenet opp). Hørt at det er en del nykommere til kommunen som ikke føler seg ivaretatt og møtt, det har vært vanskelig å skaffe bosted, og jobb med deres relevante yrkesutdanning.

SPØRJEUNDERSØKING

VINN!



RUDSKOGEN

IPHONE 14 PRO

KRAGERØ RESORT

## ER DU MELLOM 18 OG 30 ÅR OG BUR I VEST-TELEMARK?

DU ER I EI ALDERSGRUPPE SOM ER VELDIG VIKTIG FOR VEST-TELEMARK, OG VI VIL GJERNE VITE LITT OM KORLEIS DU HAR DET OG KVA DU SYNS ER BRA/KAN BLI BETRE I VEST-TELEMARK. SOM TAKK FOR AT DU LÅNER OSS LITT AV TIDA DI, KAN VI TILBY DEG Å VERE MED I TREKNINGA AV FLOTTE PREMIAR.



SKANN KODEN OG BLI MED

OM DU SAMTYKKER TIL Å LEGGE ATT TELEFONNUMMER, OG SVARAR INNAN UTGANGEN AV JUNI, ER DU MED I TREKNINGA AV:

- IPHONE 14 PRO
- PORSCHEKØYRING (VERDI: 7500,- 3 STK)
- SPAOPPHALD FOR TO (VERDI: 7000,- 3 STK)
- GÅVEKORT PÅ ELKJØP (VERDI: 5000 KR)
- GÅVEKORT PÅ MEKONOMEN (VERDI: 5000,-)
- GÅVEKORT PÅ INTERSPORT (VERDI: 5000,-)
- GÅVEKORT PÅ TREDAGARSPASS TIL TREUNGENFESTIVALEN (VERDI: 2500,- 2 STK)
- GÅVEKORT PÅ TREDAGARSPASS PÅ COUNTRYFESTIVALEN (VERDI: 2650,- 2 STK)




KORUS

## Interkommunale spørjeundersøking for aldersgruppa 18-30 år

I samband med prosjektet Frå Haldning til Handling i Tokke kommune, vart det sett i gang ein prosess med å få inn synspunkt og meiningar frå dei unge. Våren 2023 vart det gjennomført ei spørjeundersøking blant unge i Vest-Telemark i aldersgruppa 18-30 år. Undersøkinga var eit samarbeid mellom Vest-Telemarkrådet, på vegne av alle kommunane i Vest-Telemark, og KORUS Sør avd. Skien.

Resultat frå undersøkinga som har særleg relevans for denne handlingsplanen er knytt til ungdommens distriktspanel sitt råd 9; "Ungdom må få større innflytelse lokalt". Figuren under viser at i underkant 60% av totalt 248 svar ynskjer eit eige kommunalt eller regionalt organ for unge vaksne, tilsvarende ungdomsråd.

34. Meiner du det er behov for eit kommunalt organ (ala ungdomsråd) for unge vaksne mellom 18 og 30 år, som kan få fram denne gruppa sine meiningar? Evt. eit felles for Vest-Telemark?



Figuren er henta frå spørjeundersøkinga for dei mellom 18 - 30 år i Vest-Telemark, gjennomført våren 2023



Handlingsplan

# Ung i Tokke

Oppfølging av 10 råd frå Ungdommens distriktspanel

Jeg vil  
også ha  
jobb!



**1**

**Vi får tilgang til jobbfellesskap, arbeids-  
erfaring og varierte arbeidsplasser**

## Vurdering

Når befolkninga aukar i alder og folketalet går ned, vil det bli færre personar i arbeidsaktiv alder. Slik er og tendensen i Tokke, og i tillegg er det aktivt næringsliv med etableringar og utviding av eksisterande verksemder. Til saman gir det eit auka behov for arbeidskraft.

Tokke kommune har svært låg arbeidsløyse i 2022, og det er mangel på arbeidskraft. Det er tilgang på lærlingplassar og sommarjobbar- i tillegg til ordinære jobbar i privat og offentleg sektor.

Det vil vere verdifullt for næringsliv og offentleg sektor å få betre innsikt i kva som skal til for å tiltrekke seg ung arbeidskraft. Gjennomføring av medverknadsprosessar kan vere ein metode for å få slik innsikt.

Tokke kommune har god fokus på lærlingplassar, sommarjobbar og har eit mål om å vere ein attraktiv arbeidsplass der dei tilsette skal trivast. Næringsfond blir bruka aktivt til etablering og investeringar i næringslivet

## Status Tokke kommune, pr. juli 2023

Kommuneplanen sin samfunnsdel omhandlar arbeidsplassar og næringsutvikling med eiga punkt om satsing på unge etablerarar, eldsjeler, engasjement og kompetanse.

Næringsplan og vedtekter som omhandlar unge etablerarar og gründerar.

Sommarvikarar- 12 stk. og 6 stk. på reiseliv.

Lønstilskot til verksemder som har skuleungdom i sommarjobb.

Tokke kommune har lærlingordning og tilpassar ramme iht. pågang og behov for plassar.

Mykje ledige jobbar i regionen og lita arbeidsløyse i 2022.

Ledige stillinger, småbruk og arrangement i Vest-Telemark blir annonsert på Kva skjer i Vest-Telemark ([www.vest-telemark.no](http://www.vest-telemark.no))

Tokke Teknologipark- kommunen bidreg med tilgang på utleigekontor.

Etablert samarbeid med Kvito AS og NAV Vest-Telemark.

# 1

Handlingsplan Ung i Tokke

---

Jobbfellesskap, arbeidserfaring  
og arbeidsplassar

Råd frå ungdommens distriktspanel	Tiltak foreslått av ungdommens distriktspanel (direkte sitert, på bokmål)	Forslag til lokale tiltak i Tokke kommune	Forankring/ Implementering	Ansvar	Frist
<p>RÅD 1 Ungdommens distriktspanel</p> <p>Vi får tilgang til jobbfellesskap, arbeidserfaring og varierte arbeidsplassar</p>	Finansieringsordninger for å skape fagmiljø og jobbfellesskap for unge	<p>Kommunen har eiga søknadsordning for unge under 30 år med moglegheit for midlar frå Næringsfondet. Kriterier i søknaden er at fagmiljø/jobbfellesskap er eit ynskja mål</p> <p>Vidareutvikle samhandling mellom kommune, utdanningsinstitusjonar og næringsliv slik at utdanningstilbod og behov for kompetanse vert ivareteke.</p> <p>Samarbeide med næringslivet om utvikling av arenaer for å skape grundermiljø – "innovasjonskultur".</p>	<p>Forankra i næringsplan 2016-2020. Bør vurdere implementering inn i ny næringsplan 2023.</p> <p>Kommuneplanen sin samfunnsdel 2016-2028</p>	Plan, næring og kultur (nærings- og samfunnsutviklar)	2024
	Offentlig forvaltning vedtar ny personalpolitikk slik at det aktivt legges til rette for fjernarbeid. Det skal bli synleggjøres i alle stillingsannonser.	Kommunen drøftar moglegheit for fjernarbeid i samband med nye stillingar. Synleggjer dette i stillingsannonser der det er aktuelt.	Organisasjonsavdeling	Kommunedirektøren	2024-2034
	Ordninger for å sikre ungdom arbeidserfaring må samordnes, og tilpasses behovene i distriktene. Ansvar for samordningen legges til regional jobbkoordinator.	<p>Vidareutvikle korleis kommunen synleggjer ledige stillingar, og oppretthalde dialog med NAV, VGS og opplæringskontor.</p> <p>Ledige stillingar, småbruk og arrangement i Vest-Telemark blir annonsert på Kva skjer i Vest-Telemark, (<a href="http://www.vest-telemark.no">www.vest-telemark.no</a>)</p>	Organisasjonsavdeling	Kommunedirektør	2024
	Regionale jobbkoordinatorer skal koble ungdom til lokalt næringsliv og offentlige virksomheter, og formidle ledige sommerjobber, praksisplasser, deltid- og heltidsjobb og traineeordninger	<p>Utarbeide eit område på kommunen si nettside "Ung i Tokke", med oversikt over moglegheit, fordelar og nyttig informasjon for unge i Tokke. Innhald kan vere link til ledige sommarjobbar, deltid/heiltidsjobbar, traineeordningar/ praksisplassar i kommunen eller lokale verksemder.</p> <p>Bustadar og tilskotsordningar som gjeld særskilt ungdommen. Nettsida bør formidlast og synleggjerast i kanalar som unge i Tokke til ei kvar tid nyttar.</p>	Kommunikasjonsplan	Webredaktør for kommunen si nettside i samarbeid med dei ulike kommunalområda i kommunen.	2024
	Kommuner og andre offentlige virksomheter må ta et større ansvar for å tilby eller framskaffe lærlinge- og praksisplasser.	<p>Kommunen jobbar for å tilby eller framskaffe læring- og praksisplassar lokalt.</p> <p>Kommunen synleggjer informasjon om lærling- og praksisplassar på nettsida.</p> <p>Vurdere tildeling av mastergradstipend.</p>	Kommunikasjonsplan	Organisasjonsavdeling	2025
	Videreutvikle lærlingemodellen slik at næringsliv og offentlig virksomhet sikres, finansiering for å ta inn flere lærlinger.	Spørsmålet løftast inn i næringskollegiet og Vest-Telemarkrådet	Vest-Telemarkrådet	Ordfører	2024



**2**

**Ungdom skal ha desentraliserte skole- og utdanningsmuligheter**

## Vurdering

Vest-Telemark Vidaregåande skule er lokalisert på Dalen og ungdom frå Tokke og Vest-Telemark har eit lokalt tilbod om vidaregåande utdanning. I tillegg er det og tilgang på lærlingplassar i offentlege og private verksemder. Utdanningstilbodet må vere attraktivt for elevane, med aktuelle og interessante studieretningar.

Dersom utdanningstilbod, behov for arbeidskraft med den rette kompetansen og interesse frå elevar skal harmonere, er det naudsynt med samhandling mellom kommunar, utdanningsinstitusjonar og næringsliv.

Yrkesmesse er i dag ein etablert arena- der elevar og næringsliv møtast. Arrangementet kan vidareutviklast gjennom medverknadsprosessar der elevar, skule og næringsliv deltek – med fokus på studietilbod i høve til lokal arbeidsmarknad og attraktive arbeidsplassar.

Tilbod om desentralisert, høgare utdanning er attraktivt, og søknad er i dag større enn tilbod om plassar. Vidare utvikling av samlingsbaserte studiar og nettstudiar kan styrke etterspurt arbeidskraft innanfor t.d. helse- og skule. Tokke kommune arbeider aktivt for auka kompetanse, og har på enkelte fagområde ordningar der det vert lagt til rette for vidareutdanning for dei som er i arbeid.

## Status Tokke kommune, pr. juli 2023

Vest-Telemark Vidaregåande skule er lokalisert i Tokke.

USN avdeling Rauland – tilbod om heil- og deltidstudiar, delvis nettbasert.

Tilbod om vidareutdanning for personar som er i arbeid for å auke etterspurt kompetanse.

Hybelvert i regi av Vest-Telemark VGS

Kompetansepilot - prosjekt i regi av VTFK

# 2


Handlingsplan Ung i Tokke

---

Desentralisert  
skule- og utdanning



Råd frå ungdommens distriktspanel	Tiltak foreslått av ungdommens distriktspanel	Forslag til lokale tiltak i Tokke kommune	Forankring/ Implementering	Ansvar	Frist
<p>RÅD 2 Ungdommens distriktspanel</p> <p>Ungdom skal ha desentralisert skule- og utdannings moglegheiter</p>	De vidaregåande skolene og fagskolene har en desentralisert struktur, som ivaretar nærskoleprinsippet, og tilbyr fag som næringslivet i regionen etterspør.	Jamnleg dialog med regionalt næringsliv om behov. Drøfte behov med vidaregåande skule og fylkeskommunen. Vidareutvikle studietilbod på fagområde som næringslivet etterspør. Næringsliv må og forplikte seg til å tilby lærlingsplassar, traineeordningar og praksisplassar.	Forankra i næringsplan 2016-2020. Bør vurdere implementering inn i ny næringsplan 2024.	Plan, næring og kultur	2024
	Kommunen og fylkeskommunen må ha miljøarbeidere som følger opp ungdommer som bor på hybel, og det må være gode møteplasser for hybelboerne. Hjemkommunen må ha jevnlig kontakt med elever som flytter for å gå på vidaregåande skole.	Kommunen gjennomfører forprosjekt for å vurdere etablering og organisering av hybelhus. Tiltaket kan gjere det tryggare, meir sosialt og enklare å bu på hybel på Dalen. Fleire ungdommar på vidaregåande kan ta del i aktivitetar på kveldstid. Hybelhus kan bli nytta til utleige sommarstid.  Inviterar til aktivitetar og arrangement i heimkommunen.  Høve til å gje tilbakemelding via digitale verktøy, til dømes igjennom spørjeundersøkingar, app eller liknande	Kommuneplan Oppvekstplan	Helse og omsorg Oppvekst	2024
	Universitet, høyskoler og fagskoler skal utvikle desentraliserte og samlingsbaserte studiemiljøer, som er sikret finansering.	Tokke kommune tar initiativ til samarbeid med Vest-Telemark vgs og fylkeskommunen om å utforske moglegheitar for desentraliserte og samlingsbasert høgare utdanning i Tokke.  Tokke kommune kan legge til rette med lokale og fasilitere for dei som tar relevant fagutdanning.	Kommuneplan Næringsplan	Oppvekst  Plan, næring og kultur	2024
	Gi ungdommer på yrkesfaglige linjer garanti for lærlingeplass. Privat næringsliv og offentlig forvaltning må tilby lærlingeplasser med god kvalitet. Dersom eleven ikke får lærlingeplass, skal de ha garanti for plass på påbygning til generell studiekompetanse.	Kommunen og næringslivet samarbeider for å tilby nok og varierte lærlingeplassar for ungdom frå Tokke.  Vidareutvikle vekslingsmodellen som lærlingeordning.	Kommuneplan Næringsplan	Kommunedirektør  Organisasjons-avdeling  Plan, næring og kultur	2024



**3**

**Det må bli enklere  
å komme seg fra A til Å**

## Vurdering

Vest-Telemark og Tokke har lange avstandar og lite tilbod om kollektiv transport. Ungdom ynskjer å treffast på fritida, i sosiale samanhengar- og behovet for trygg transport er stort. Tiltaket « Heim for ein 50-lapp» kan bidra til betre tryggleik. Prosjektet «Frå haldning til handling» er eit anna tiltak som skal gjere ungdom meir bevisst kring køyring i høg fart og ruspåverka tilstand og det er tilsett eigen prosjektleiar som følger opp tiltak i samarbeid med elevar, skule, politi og aktuelle organisasjonar.

Vest-Telemark har store avstandar, lite kollektivtilbod og relativt få menneske som bur der i høve til areal. Miljøgevinstar i transport kan vere auka bruk av sykkel og gange, elektriske køyretøy og at fleire køyrer saman.

Vegstandard og rassikring er eit kontinuerleg arbeid, med årlege tiltaksplanar og gjennomføringar i høve til økonomiske rammer.

## Status Tokke kommune, pr. juli 2023

Heim for ein 50-lapp er innført i mai 2022. Avtale med drosjenæring er på plass og busstilbod vert utgreia.

Køyreopplæring og tilbod om førarprøve er tilgjengeleg på Dalen.

Prosjektet «Frå haldning til handling».

Ladestasjonar er etablert på Dalen og i Høydalsmo. Fleire ladepunkt er under planlegging eller etablering.

Ladestasjonar for båt er og etablert på Dalen og i Lårdal.

Sykkelbygda Dalen 2023-2033.

Trafikksikringsplan.

# 3

Handlingsplan Ung i Tokke

---

Enklare å kome seg frå A til Å

Råd frå ungdommens distriktspanel	Tiltak foreslått av ungdommens distriktspanel	Forslag til lokale tiltak i Tokke kommune	Forankring/ Implementering	Ansvar	Frist
<p>RÅD 3 Ungdommens distriktspanel</p> <p>Det må bli enklere å komme seg fra A til Å</p>	En mer utbredt ordning av bestillingstransport, der du bestiller transport fra der du er til ønsket møtested på alle dager. Et brukertilpasset bestillingstilbud som kan ivareta flere transportfunksjoner i distriktene.	<p>Evaluer og eventuelt vidareutvikle ordningar som «Heim for ein 50-lapp». Sjå på moglegheitane for interkommunale ordningar og samarbeid som kan gå på tvers av kommunegrensene.</p> <p>Auke tilbod om busstransport ved arrangement og i helgene. Prøveordning med ungdomskort tilsvarande TT-kort. Hensikten er å gje eit transporttilbod for sosiale formål, og ordninga gjer det enklare for ungdom som er avhengige av transport å delta på arrangement og kome seg trygt heim.</p>	Kommuneplan Oppvekstplan Frå Haldning til Handling	Oppvekst SLT-koordinator	2024
	Riksveier, fylkesveier og ferjesambandene får et økonomisk løft slik at varene som produseres og folket som bor der kommer frem.	Vest-Telemarkrådet på vegne av kommunane jobbar aktivt med fokus på vegstandard i regionen, prioriterer og kjem med uttale til statsbudsjett og NTP og driv lobbyverksemd gjennom politiske kontaktar.	Politiske vedtak	Ordførar	2024-2034
	Trygghet med å bo i distriktene må økes ved å sikre rasutsatte strekninger, tunneler, utbygging av gang- og sykkelvei og mer gatelys.	<p>Tokke kommune satsar på sykkel gjennom Sykkelbygda Dalen, og skal ha fokus på å legge til rette for trygge gang- og sykkeløysingar for mjuke trafikantar. Kommunen jobbar for gjennomføring av foreslegne tiltak i sykkelstrategi og tiltaksplan.</p> <p>Vidareutvikle samarbeid mellom Vest-Telemarkkommunane.</p>	<p>Sykkelbygda Dalen 2023-2033</p> <p>Bygdesykkel-nettverket</p>	Plan, næring og kultur	2024-2034
	Billettpriser på all transport må senkes for ungdom.	Kommunen samhandlar med fylkeskommunen om ungdomskortordning med reduserte prisar.	Oppvekstplan	Kommunedirektør Oppvekst	2025
	Fører kort for 16-åringar på kjøretøy med begrenset hastighet gjennomføres som prøveordning, og det skal være mulig å ta teoriprøver til fører kort desentralisert.	Vidareutvikle ordning for desentralisert køyreopplæring. Høve til å ta sertifikat på traktor, moped, snøskuter, bil og tilhenger, samt trafikkal opplæring.	Kommuneplan	Kommunedirektør Oppvekst Plan, næring og kultur	2025
	Distriktene har behov for nye miljøvennlige og fremtidsrettede transport- og kollektivløsninger. Investeringene skal økes og miljøvennlig teknologi tas i bruk på kortbanenettet, jernbane, buss og båt.	Tokke kommune står opp om samarbeid mellom Vest-Telemarkrådet og fylkeskommunen om berekraftig mobilitet og kollektivtransport.	Forankra i protokoll frå Vest-Telemarkrådet 23.mai 2023	Ordførar	2024

Jeg vil ha  
kontakt!



4

**Alle skal ha tilgang til stabilt og sikkert høyhastighets- og mobilnett**

## Vurdering

Det er gjennomført eit systematisk arbeid for at det skal vere god tilgang på breiband og mobilnett i Tokke. Det er ein føresetnad for innbyggjarar, næringsliv og offentlege tenester og forvaltning at det til ein kvar tid er nok og rett kapasitet tilgjengeleg – på line med annan infrastruktur som veg, vatn, avlaup og straum. Eit stabilt og sikkert høghastigheitsnett påverkar både sikkerheit og attraktivitetskraft

## Status Tokke kommune, pr. juli 2023

Tokke kommune er ferdig utbygd med breiband i 2022.

Område som ikkje er mogleg å bygge ut breiband vert dekkja med mobilnett

Mobildekning er godt utbygd

# 4

Handlingsplan Ung i Tokke

---

Tilgang til stabilt og sikkert  
høghastighets- og mobilnett



<b>Råd frå ungdommens distriktspanel</b>	<b>Tiltak foreslått av ungdommens distriktspanel</b>	<b>Forslag til lokale tiltak i Tokke kommune</b>	<b>Forankring/ Implementering</b>	<b>Ansvar</b>	<b>Frist</b>
RÅD 4 Ungdommens distriktspanel	Alle må ha tilgang til stabilt og sikkert høyhastighets- og mobilnett med kapasitet til å kunne jobbe hjemmefra, benytte skoleplattformer og ha tilgang til digitaliserte offentlige tjenester. Dette er en forutsetning for at det skal være mulig å ta med seg jobben til distriktene.	Tokke kommune samarbeider med Vest-Telemarkkommunane om digitaliseringsarbeidet.	Implementere i kommuneplanen sin samfunnsdel	Kommunedirektør	2025
Alle skal ha tilgang til stabilt og sikkert høyhastighets- og mobilnett	Stabilt og sikkert høyhastighets- og mobilnett anses som grunnleggende infrastruktur som er viktig for sikkerhet, beredskap og lik utvikling av velferdsteknologi i hele landet.	Tokke kommune fullfører prosess med full utbygging av høghastighetsnett.	Kommuneplan	Spesialrådgjevar	2024-2025
	Staten har hovedansvaret for å sikre at det er tilgang på høyhastighets- og mobilnett i hele landet og til like priser. Distriktene må prioriteres der behovet er størst.	Kommunen søker aktuelle finansieringsordninger.	Kommuneplan	Spesialrådgjevar	2024-2025



ungdommens  
DISTRIKTS panel

Velkommen

Jeg vil hjem!

5

**Virkemidler gjør det enklere å etablere bedrift og få seg bolig**

## Vurdering

Tokke kommune har fleire tilskotsordningar til ungdom som vil kjøpe eller bygge bustad. Det er og lagt til rette for tomter i heile kommunen, og det er enkelte område som er regulert for spreidd bustadbygging. Det er for tida lite aktivitet kring utbygging av mindre bustader eller leilegheiter.

Tokke kommune har næringsfond med tilskotsordningar, og unge etablerarar og gründerar er ei prioritert gruppe. Telemark Næringshage er ein god samarbeidspartnar som gjennom avtalar med kommunen, kan bidra med kompetanse og tenester i samband med etablerings- og investeringsaktivitet. Det er for tida ei svak auke i utbygging..

## Status Tokke kommune , pr. juli 2023

Næringsfond med tilskotsordningar blir bruka aktivt til etableringar og investeringar.

Formidling av eksterne tilskotsordningar.

Start OPP og rådgjevingspakke v/ Telemark Næringshage.

Entreprenørskap som studietilbod på VT- vidaregåande skule.

Tilskotsordningar for kjøp eller bygging av bustad.

Alle kommunale bustadtomter eldre enn 10 år blir gjeve gratis personar som ynskjer å bygge.

# 5

Handlingsplan Ung i Tokke

---

Enkelt å etablere bedrift  
og få seg bustad

Råd frå ungdommens distriktspanel	Tiltak foreslått av ungdommens distriktspanel	Forslag til lokale tiltak i Tokke kommune	Forankring/ Implementering	Ansvar	Frist	
<p>RÅD 5 Ungdommens distriktspanel</p> <p>Virkemidler gjør det enklere å etablere bedrift og få seg bolig</p>	For å rekruttere kompetanse til distriktene må det være et sett med støtteordninger som gjøres godt kjent. Distriktsungdom fra hele landet skal bidra i utformingen for å få treffsikre ordninger.	Tokke kommune må på ulike måtar synleggjere fordelar til målgruppa til dømes eige område på nettsida til kommunen; "Ung i Tokke".	Bakgrunn i svar på spørjeundersøking	Kommunedirektør v/ leiargruppe	2025	
	Unge arbeidstakere under 30 år i distriktskommuner gis lavere skatt.	Fremje sak for Vest-Telemarkrådet med ynskje om ei felles utgreiing av moglegheitar for reduksjon, nedskrivning av studielån for unge arbeidstakarar som flyttar til regionen. Vurdere særordningar innanfor yrker der ein har utfordring med rektursetting.	Kommuneplan	Ordførar	2024	
	Nedskrivning av studielån i tiltakssonen i Nord-Troms og Finnmark har vært et effektivt virkemiddel for å rekruttere kompetanse til regionen. Nedskrivning av studielån, og de andre virkemidlene i tiltakssonen må styrkes.					
	Nedskrivning av studielån innføres som et virkemiddel i distriktskommuner i hele Norge.					
	Å lære seg å etablere egen arbeidsplass er viktig i områder med ensidig næringsliv. Ungt entreprenørskap arbeider med å utvikle barn og unges kreativitet og skapertrang, og må styrkes som faglig tilbud på alle skoler.	Samarbeide med næringslivet og Telemark Næringshage om eigne kurs, foredrag og samlingar for unge entreprenørar og gründere. Kommunen bidreg til arrangement som gründercamp og Ungt entreprenørskap.	Implementere i ny næringsplan 2024.	Plan, næring og kultur	Oppvekst	2024
	Det etableres et investeringsfond som bidrar med kapital til unge etablerere/gründere. Lokalt næringsliv bidrar med midler sammen med kommuner, fylker og staten.	Kommunen aukar tilskot for unge etablerarar og gründere og etablerar ei ordning med kåring av årets gründer i Tokke kommune.	Implementere i ny næringsplan 2024.	Plan, næring og kultur		2024
	Distriktskommuner har Ungbo-ordning sammen med Husbanken og lokale banker. Finansieringsordninger gjøres kjent for førstegangsetablerere. Kommuner skal gi tilskudd til unge opp til 30 år for å kjøpe eller bygge bolig i distriktskommuner	Jobbe for å auke sats for tilskot til ubetring av eldre bustadar som fører til miljøvenlege løysingar.  Tokke kommune satsar på utbygging av mindre, rimelege bustadløysingar.  Arbeide for å få god tilgang på hyblar og leiligheiter for elevar, tilflyttarar, deltidstilsette og pendlarar.	Kommuneplan Budsjettforhanlingar Reguleringsplanar	Teknisk Plan, næring og kultur	Kommunedirektøren	2024
	Egenkapitalkravet for boligkjøpere under 30 år i distriktene må fjernes.	Samarbeide med Vest-Telemarkrådet om moglegheitar for å fjerne eigenkapitalkravet for unge under 30 år.	Vest-Telemark rådet	Ordførar		2024
	En aktiv boligpolitikk skal sikre velfungerende boligmarked med varierte boligtilbud.	Finansiering til prøvebustad - i prosjektet 59° Nord.  Kommunen som del av Vest-Telemarkrådet foreslår i søknad om bygdevekstavgift i samband med Hurdalsplattforma, innføring av full momskompensasjon på bygging av nye bustadar, som del av bygdevekst.	Kommunestyret Vest-Telemark rådet	Politikarane har løyvd midlar i 2021 og 2023.	Ordførar	2024



**6**

**Veien til psykisk helsehjelp må bli kortere**

## Vurdering

Helsetenesta i Tokke har mål om å vere lett tilgjengeleg, med låg terskel for å ta kontakt. Det er eiga avdeling for rus og psykiatri med eit tverrfagleg team.

Tenestetilbodet er særst viktig for regionen sidan det er elevar frå heile Vest-Telemark ved den vidaregåande skulen på Dalen.

## Status Tokke kommune, pr. juli 2023

Tilbod om samtaler/ behandling individuelt eller i grupper.

Lågterskel, utan tilvising. Psykisk helse møter elevar på skulen eller psykisk helse kontor etter avtale med den enkelte. Gjer avtale ved direkte kontakt, SMS eller tilvist frå andre t.d. kontaktlærar, foreldre, venar, helsesjukepleiar, lege m.m.

Meir omfattande behandling i eit tverrfagleg team i samarbeid med lege, andre kommunale tenestar og spesialist.

Rus behandling og førebygging.

Tilbod om samtaler/ behandling individuelt eller i grupper.

Undervisning / opplæring i skule og barnehage

BTI (Betre Tverrfagleg Innsats) Organisasjonsmodell Barn/unge og familiar skal få riktig hjelp så tidleg som råd.

Vegleiiing i psykisk helse (VIP) i alle fyrste klasser på Vest-Telemark vidaregåande

Inforunde på Vest-Telemark vidaregåande skule kvar haust i alle 1. klasser.

Prosjekt - Frå haldning til handling – gjennomføring av tiltak og aktivitetar (avsluttast hausten 2023)

# 6

Handlingsplan Ung i Tokke

---

Kort veg til psyksisk helsehjelp



Råd frå ungdommens distriktspanel	Tiltak foreslått av ungdommens distriktspanel	Forslag til lokale tiltak i Tokke kommune	Forankring/Implementering	Ansvar	Frist
RÅD 6 Ungdommens distriktspanel  Vegen til psykisk helsehjelp må bli kortare	Alle elever og lærlinger må ha tilgang til lavterskeltilbud for psykisk helsehjelp med åpne dører alle dager.	Kommunen jobbar for å styrke det regionale tilbudet "Rask psykisk helsehjelp". Dagens tilbud gjeld alle over 16 år. Tokke jobbar aktivt for at dette også skal gjelde ungdomsskuleelevar som eit ledd i folkehelsearbeid.	Folkehelseplan	Helse og omsorg Oppvekst	2024
	Digitale helsetilbud må styrkes og utvikles.	Fagfolk er tilgjengelege og aktive på sosiale medie som ungdommen brukar, for kunnskapsheving og formidling. Felles løysingar for Vest-Telemark.	Interkommunale samarbeidsløysingar	Helse og omsorg	2024
	Alle tilbud må gjerast godt kjent i distriktene.	Aktiv marknadsføring av eksisterande tilbod, med mål om at alle i målgruppa 13-30 år skal kjenne til kor dei kan få psykisk helsehjelp. Tverrfagleg samarbeid internt i organisasjonen, både innanfor helse og oppvekst, samt med vidaregåandeskule, ungdomsråd og foreldre. Gjennomføre kampanjar med skulestart, påminningar og ekstra informasjon om korleis ein kan få hjelp i ferietider.	Folkehelseplan Oppvekstplan	Helse og omsorg Oppvekst	2024
	Kommunenes ansvar for helse- og omsorgstjenester må også omfatte lavterskeltilbud for unge med psykiske plager.	Tokke kommune jobbar for å halde fram med det interkommunale samarbeidet for rask psykisk helsehjelp.  Barn og unge skal få tilbod om psykisk helseteneste tilpassa deira behov.  Sikre at kommunen til ei kvar tid har kompetanse og økonomiske rammer for å kunne utføre pålagte og funksjonelle tenester.	Folkehelseplan Regional plan for Rask psykisk helsehjelp  Barne- og ungdomsplan for Tokke kommune 2021-2025	Helse og omsorg	2024
	Kommunene får øremerkede midler til skolehelsetjenesten.	Oppretthalde økonomiske rammer til skolehelsetenesten for å auke tilgjengelegheita.	Forankra i ynskje frå dei unge, gjennom spørjeundersøking	Kommunedirektøren	2024
Tema psykisk helse koples til faget livsmestring og folkehelse fra barneskolen, og integreres i læreplanen.	Auke fokus på psykisk helse gjennom kampanjar og interessante arrangement for målgruppa, gjennom tverrfagleg samarbeid.	Forankra i ynskje frå dei unge, gjennom spørjeundersøking.	Helse og omsorg	2024	



**7**

**Vi tar vare på distriktenes attraktivitet med nærhet til naturen**

## Vurdering

Tokke kommune har mykje areal- og naturressursar som skal forvaltast til beste for framtidige generasjonar. Omsyn til miljø, menneske og lokalsamfunn må balanserast i verdikjeda slik at produksjon og verdiskaping ikkje belastar eller er i konflikt med målet om å ta vare på desse ressursane og verdiane.

Utbyggingssaker vert gjennomført i tråd med gjeldande lover og forskrifter, og skal sikre god forvaltning av natur og miljø.

## Status Tokke kommune, pr. juli 2023

Kommuneplan 2016-2028 - samfunnsdelen

Reiselivsstrategi

Bærekraftig Reisemål

Sti- og løypeplan

Landbruksplan

Klimaplan

Ryddeaksjonen «Kanal-lotteriet»

Utleige jakt og fiske

Steinsett turveg til Rui-plassen

Soria Moria - badstoga

Sykkelbygda Dalen 2023-2033


# 7

Handlingsplan Ung i Tokke

---

Ta vare på attraktiviteten til distrikta med nærhet til natur

Råd frå ungdommens distriktspanel	Tiltak foreslått av ungdommens distriktspanel	Forslag til lokale tiltak i Tokke kommune	Forankring/Implementering	Ansvar	Frist
<p>RÅD 7 Ungdommens distriktspanel</p> <p>Vi tar vare på distriktenes attraktivitet med nærhet til naturen</p>	<p>Til alle utbyggingssaker skal det være en konsekvensvurdering. Disse skal vurdere og verdsette konsekvensene for fremtidens generasjoner og inneholde en bærekraftsanalyse.</p>	<p>Konsekvensvurderingar blir gjort i tråd med krav i plan- og bygningsloven. Kommunen lagar ei sjekklister for oppfylging av krav, omsyn som må bli tatt vidare frå strategiar som t.d. klimaplanen.</p>	<p>Klimaplan Planstrategi</p>	<p>Plan, næring og kultur</p> <p>Teknisk avdeling</p>	<p>2024-2034</p>
	<p>Oppgradering av eksisterende bygg- og anlegg prioriteres foran nyetableringer.</p>				
	<p>For å sikre selvforsyningen må kommunene vedta nullvisjon for nedbygging av matjord. Staten må støtte opp om og se til at kommunene ikke tillater nedbygging av matjord.</p>	<p>Tokke kommune skal hindre nedbygging av matjord, og det skal føreligge gode konsekvensvurderingar og avbøtande tiltak der ein ikkje kan unngå det.</p>	<p>Landbruksplan</p>	<p>Plan, næring og kultur</p>	<p>2024-2034</p>
	<p>For å sikre koordinering av klima- og bærekraftsarbeid må det øremerkes midler til kommunale bærekraftscoordinatorer.</p>	<p>Administrasjonen fylgjer opp klimaplanen og berekraftsarbeid, og definerer arbeidsoppgåver</p>	<p>Klimaplan</p>	<p>Plan, næring og kultur</p>	<p>2024</p>



8

**Lokalsamfunnene utvikles med møte-  
plasser og lokaler for unge gründere  
og frivillige**

## Vurdering

Alle lokalsamfunn har behov for møteplassar- for folk i alle aldrar. I «Ungdata» -undersøkinga 2021 og Stadanalyse Dalen 2022 kjem det klart fram ynskje om fleire, attraktive møteplassar. Gjerne uformelle møteplassar som bakeri, kafé eller sitjeplassar ved turstiar. Det kjem og fram i undersøkinga at særleg jenter er misnøgde med dei tilboda som finnast i dag, og at enkelte mistrivast.

Det er grendehus i mange bygdelag i kommunen, og dei brukast som møteplass, treningslokale og elles til ulike arrangement og aktivitetar. Det er jamt kort avstand, men kanskje ikkje optimalt i høve til å treffe vener som bur lenger i frå.

Tokke Teknologipark er etablert med kontorlokale for utleige som kan skape gode rammer for utvikling av eit gründer- og kompetansmiljø.

Planlegging, finansiering og gjennomføring av ulike nærmiljøtiltak er ofte i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar og slikt samarbeid har tilført ekstern finansiering frå t.d. stiftelsar og fond.

## Status Tokke kommune, pr. juli 2023

Elvarheim er etablert møteplass for ungdom

Idrettsanlegg, løyper og klubbhus vert bruka som møteplass for fritids- og idrettsformål

Lokale grendehus som kan nyttas som møteplass for folk i alle aldrar

Kulturskule

Bibliotek

Soria Moria - badstove

Bryggeområde i Lårdal og på Dalen

Ulike badeplassar i grendene

# 8

Handlingsplan Ung i Tokke

---

Utvikle møteplassar og lokaler for unge gründerar og frvillige



Råd frå ungdommens distriktspanel	Tiltak foreslått av ungdommens distriktspanel	Forslag til lokale tiltak i Tokke kommune	Forankring/ Implementering	Ansvar	Frist
<b>RÅD 8</b> Ungdommens distriktspanel  Lokalsamfunnene utvikles med møteplasser og lokaler for unge gründere og frivillige	Etablere et utviklingsprogram for å utvikle stedene, deres egenart og sosiale møteplasser.	Etablere ei årleg undersøking «Tempen på Tokke». Gjennomførast med spørjeundersøking, budsjettoppfølging og søknadar ekstern finansiering. I januar/februar og utover sesongen kan ein søkje matchmidlar frå stiftelsar/fond. Gjennomføring av tiltak i løpet av året  Vidareutvikle dei stadeigne møteplassane på Dalen, Høydasmo og i grendene.	Kommuneplan  Ungdomsråd Oppvekstplan	Kommunedirektør Plan, næring og kultur Oppvekst	2024
	Fylkeskommunene må utvikle strategier for attraktive lokalsamfunn, og jobbe aktivt med kommunene og frivilligheten i gjennomføringen av strategien. Fylkeskommunenes virkemidler for distriktskommunene må samordnes.	Kommunen legg til rette for godt samarbeid med fylkeskommunen.  Søkje aktuelle eksterne finansieringordningar.	Kommuneplan	Kommunedirektør Plan, næring og kultur Oppvekst Helse og omsorg	2024-2034
	Sikre inkluderende lokalsamfunn med møteplassar for innbyggere i alle aldre for å bidra til at folk trives og blir boende.	Gjennomføre «Tempen på Tokke» og andre medverknadsprosessar for å avdekke behov og ynskje hjå innbyggarane knytt til møteplassar og trivsel (målgruppe under 30 år).	Kommuneplan	Kommunedirektør Plan, næring og kultur Helse og omsorg	2024
	Frivilligheten er limet i lokalsamfunnet. Alle kommuner skal ha strategier for samarbeid med frivillige lag og organisasjoner.	Arrangere årlege allmøter med frivilligheten og frivillighetssentralen. Nytte høve til å informere og samordne arbeid med planar, prosjekt og arrangement.  Vidareutvikle sommaraktivitetar og arrangement for unge, i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar.	Næringsplan Kulturplan Oppvekstplan	Plan, næring og kultur  Oppvekst	2024
	Tilbud om gratis lokalleie for unge gründere, unge næringsutøvere og frivillige organisasjoner.	Lage tilbud om gratis lån av lokale til unge gründerar og unge næringsutøvarar i attraktive og ledige kontorlokale. Vidareføre og utvikle ordning om gratis lokale for frivillige organisasjonar.  Etablere utlån av ledige kontorplassar for unge i Tokke, i samband med eksamenstider.	Næringsplan Kulturplan	Plan, næring og kultur	2024-2034



9

**Ungdom må få større innflytelse lokalt**

## Vurdering

Politiske råd og utval har opne møte, der sakspapir og dokument er tilgjengeleg. Det er etablert barne- og ungdomsråd som skal uttale seg i saker som er av særleg interesse, og det følger med administrativ ressurs for oppfølging av innkalling, møtelokale og gjennomføring av møte.

Representantar har møte – og uttalerett i kommunestyret, i tråd med fastsette prosedyrar.

## Status Tokke kommune, pr. juli 2023

Tokke ungdomsråd med administrativ sekretærfunksjon

Representasjon i regionalt ungdomsråd

Elevråd i skulen


# 9

Handlingsplan Ung i Tokke

---

Ungdom må få større innflytelse

Råd frå ungdommens distriktspanel	Tiltak foreslått av ungdommens distriktspanel	Forslag til lokale tiltak i Tokke kommune	Forankring/Implementering	Ansvar	Frist
<b>RÅD 9</b> Ungdommens distriktspanel  Ungdom må få større innflytelse lokalt	16-åringar får stemmerett ved kommune- og fylkestingsvalg. Med en aldrende befolkning må ungdommen få direkte innflytelse på fremtidens løsnings.	Søke om å gjennomføre ei prøveordning for stemmerett for 16-åringar.	Ungdomsrådet	Valansvarleg	2024
	Ungdomsråd er lovpålagt, men vi må arbeide for flere aktive ungdomsråd som fremmer saker som opptar ungdom overfor kommuner og fylkeskommune. Arbeidet må tilrettelegges av en ungdomskordinator i minimum 50% stilling, enten alene eller i et regionalt samarbeid. Ungdomsrådene sikres opplæring, og dokumenter og sakspapirer må skrives på et forståelig språk. Ungdomsrådene skal ha mulighet til å uttale seg i alle saker som er til behandling.	Vurdere å etablere eit råd for aldersgruppa 18-30 år, tilsvarande ungdomsrådet som er høyringsinstans på lik linje med dei andre råda i kommunen.  Fortsetje praksis med samling av ungdomsråda i Vest-Telemark.	Vest-Telemark rådet	Ordføraren	2024
	Elevrådet og skolenes arbeid med temaet medbestemmelse i lokaldemokratiet brukes til å ta opp saker som opptar unge.	Vidareutvikle ungdomsrådet i Tokke med tilbod om opplæring og god informasjon.  Tokke kommune skal ha varig medvirkningskultur der dei unge også er sentrale.	Oppvekstplan	Oppvekst	2024
	Kommuneloven endres slik at kommunestyrene og fylkestingene gir ungdomsrådene tale- og forslagsrett i kommunestyre- og fylkestingsmøtene.	Ungdomsråd og ev. nyoppretta råd for unge vaksne (18-30 år) får møte, presentere og uttale seg i kommunestyret.	Kommunestyre	Ordførar	2024
	KS tar ungdomsmedvirkning inn i folkevalgtprogrammet	Kommunen tar opp spørsmålet i aktuelle forum.	Oppvekstplan	Valansvarleg	2024-2034



**10**

**Beredskaben skal være tilgængelig  
og trygg**

## Vurdering

Tokke kommune har beredskapsansvarleg person og kriseleiing. I tillegg til legevaktordning, brann- og redningsteneste, ambulanseteneste og politi, er Tokke Røde Kors ein sterk samarbeidspartnar.

Politiet er lokalisert i Åmot i Vinje kommune, og inngår i eit stort vaktistrikt som omfattar Vest- og Midt-Telemark. Utrykningstid kan i nokre tilfelle opplevast som lang. Det er etablert politikontakt og politiråd.

Tokke og Vinje kommune har felles legevaktordning.

## Status Tokke kommune, pr. juli 2023

Tokke kommune har beredskapsplan og følger elles opp pålagte oppgåver og tenester

Samarbeid og dialog med aktuelle etatar er eit kontinuerleg arbeid

# 10

Handlingsplan Ung i Tokke

---

Beredskap skal vere  
tilgjengeleg og trygg



Råd frå ungdommens distriktspanel	Tiltak foreslått av ungdommens distriktspanel	Forslag til lokale tiltak i Tokke kommune	Forankring/Implementering	Ansvar	Frist
RÅD 10 Ungdommens distriktspanel  Beredskapen skal være tilgjengelig og trygg	Trygge lokalsamfunn i distriktene trenger løsninger som ivaretar beredskap og akutt hjelp når vi trenger det. Løsningene skal gi kort responstid, ha god kvalitet på tjenestene og sikre oss trygghet og tilgjengelighet i hverdagen. Ungdom må få medvirke i utforming av forsøksordninger.	Kommunen nyttar aktuelle høve til å fremje dette behovet	Beredskapsplan	Kommunedirektør Helse og omsorg Beredskapsansvarleg	2024-2034
	Staten (politi), de regionale helseforetakene (helse) og kommunene (brann, legevakt) må legge distriktenes forutsetninger til grunn når de lager planer for akuttberedskapen. Trygghet og tilgjengelighet handler om kort responstid for politi, ambulanse og brann, inkludert båt- og luftambulanse.	Kommunen nyttar aktuelle høve til å fremje dette behovet	Beredskapsplan	Kommunedirektør Beredskapsansvarleg	2024-2034
	Etablere et formalisert regionalt samarbeid mellom kommuner, fylke, helseforetakene og stat om lokalisering av og innhold i helsetjenester. Nasjonal helse- og sykehusplan må ivareta distriktenes behov.	Kommunen nyttar aktuelle høve til å fremje dette behovet	Helseplan	Kommunedirektør Beredskapsansvarleg Helse og omsorg	2024-2034
	I styrkingen av den lokal beredskap må ressurser fra kommunal beredskap, Heimevernet/Sivilforsvaret, Røde Kors, Norsk Folkehjelp og andre frivillige organisasjoner ses i sammenheng.	Gjennomføre planleggings- og evalueringsmøter med det lokale beredskapsapparatet kvart år, og utarbeide handlingsplan på kva som må bli styrka og endra.	Beredskapsplan	Beredskapsansvarleg	2024

